

1. INNLEIING	2
1.1. FORORD	2
1.2. FORHOLD TIL ANDRE PLANVERK	3
1.3. ARBEIDSFORM	3
1.4. MANDAT	4
1.5. MÅLING AV RESULTAT/RULLERING	4
	5
2. STATUS FOR ÅL	
2.1. KORT INFORMASJON OM ÅL	5
2.1.1 <i>Folketalsutvikling</i>	5
2.1.2 <i>Areal</i>	5
2.1.3 <i>Arbeidsledige</i>	6
2.1.4 <i>Sysselsetjing etter næring</i>	6
2.2. STERKE SIDER VED ÅL	6
2.3. SVAKE SIDER VED ÅL	7
2.4. SENTRALE UTFORDRINGAR FRAM MOT 2010	7
	8
3. RESSURSAR FOR NÆRINGSUTVIKLING I ÅL	
3.1. NÆRINGSFOND I ÅL KOMMUNE	8
3.2. TILGJENGELEG NÆRINGSAREAL/RESSURSAR	9
3.3. ÅL UTVIKLING A.S.	10
	11
4. ÅL KOMMUNE - LA-21 KOMMUNE	
	12
5. VISJON OG HOVUDMÅL	
5.1. VISJON:	12
5.2. HOVUDMÅL:	12
	13
6. SATSINGSOMRÅDER OG TILTAK	
A IKT/MEDIA/GRAFISK	13
B HELSE	14
C KULTUR- OG OPPLEVELSESBASERT REISELIV	15
D KULTUR	17
E LANDBRUK	18
F SENTRUMSUTVIKLING	20
G NÆRINGSVENLEG KOMMUNE	22
H INDUSTRI	24
I ANDRE SATSINGAR	25

VEDLEGG 1 HANDLINGSPROGRAM 2001 - 2002 OG 2003

VEDLEGG 2 OPPSUMMERING - INNSPEL FRÅ ARBEIDSGRUPPENE

VEDLEGG 3 ARBEIDSGRUPPER

Alle foto: Sigmund Krøvel-Velle og Hallingdølen

2. opplag

1. INNLEIING

1.1. Forord

I april 2000 gjorde Hovudutvalet for næring og ressurs (HNR) vedtak om å utarbeide Strategisk næringsplan (SNP) for Ål. Bakgrunnen for dette var at det er viktig for Ål kommune å ha eit dokument som viser kva vi ønskjer å prioritere i åra framover for å nå dei måla vi set innafor næringsutvikling.

SNP skal vere eit styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk og vere grunnlag for dei prioriteringar det kommunale tiltaksapparatet gjer i planperioden. I tillegg gir det aktørane innafor næringslivet signal om kva for prioriteringar kommunen legg til grunn for vidare utvikling.

Det ferdige dokumentet er den første Strategiske næringsplanen for Ål. Den strategiske delen av planen gjeld for 4 år, medan handlingsprogrammet skal utarbeidast for kvart år. Med "strategisk" meiner vi at planen er konkret og kortfatta, med klare definerte mål og klare, konkrete tiltak for å nå måla. SNP skal gjelde i perioden 2001 - 2004.

Strategisk næringsplan er bygd opp med ein faktadel om Ål kommune, visjon og hovudmål for næringsutviklinga, satsingsområde med tiltak og ein handlingsplan som gjeld for året 2001 og 2002.

Det er 9 satsingsområde i planen:

- A IKT/media/grafisk
- B Helse og velvære
- C Kultur- og opplevelsesbasert reiseliv
- D Kultur
- E Landbruk
- F Sentrumsutvikling
- G Næringsvenleg kommune
- H Industri
- I Andre satsingar

Styringsgruppa ønskjer å takke alle dei som har vore aktive og gitt innspel til arbeidet med Strategisk næringsplan for Ål kommune.

Ål, juni 2001

Morten Bogstad
leiar i styringsgruppa

Hanne Wendt
sekretær i arbeidsgruppa

1.2. Forhold til andre planverk

Kommuneplanen for Ål kommune er kommunen sitt “øvste” plandokument og altså overordna andre planverk i kommunen. Gjeldande kommuneplan vart vedteke i 1996 og gjeld inntil rulleringa er gjennomført. Planen skal rullerast i løpet av vinteren 2000/01 og handsamast i kommunestyret hausten 2001.

Kommuneplanen inneheld langsiktige mål og retningslinjer for samfunnsutviklinga i kommunen, og legg føringer for forvaltninga av areal og andre naturressursar (arealdel).

Ål kommune utarbeidde i 1999 “Oversiktsplan for skogbruket”, som inneheld ein tekstdel med hovudmål og handlingsplan, og ein arealdel med kart som syner skogbruket sine arealinteresser. Sektorplanen vart godkjend av formannskapet i mars 1999 og av Fylkesmannen i Buskerud i april 1999. Det vart seinare utarbeidd konkrete tiltak for å nå hovudmåla i planen, disse vart vedteke i Hovudutvalet for næring og ressurs i august 2000. Strategisk næringsplan for Ål er overordna sektorplanen for skogbruket. SNP viser til sektorplanen når det gjeld detaljar og konkrete tiltak som ikkje har innverknad på bruken av næringsfondet i Ål kommune.

Kommunestyret godkjende “Tiltaksplan for landbruket” i november 2000. Denne sektorplanen inneheld mål, delmål og tiltak.

Strategisk næringsplan for Ål er overordna sektorplanen for landbruket. SNP viser til sektorplanen når det gjeld detaljar og konkrete tiltak som ikkje har innverknad på bruken av næringsfondet i Ål kommune.

Strategisk plan for Hallingdal vart utarbeidd i 1998 og tiltaka vart rullert i oktober 2000.

Planen er vedteke i Regionrådet for Hallingdal og rulleringa er vedteke i Hallingtinget.

Strategisk plan for Hallingdal er retningsgivande for alle kommunane i Hallingdal og tek for seg tiltak som har regional interesse.

Strategisk næringsplan for Ål er overordna Strategisk plan for Hallingdal.

Vidare utarbeider Buskerud fylkeskommune fleire fylkesplanar: Fylkesplan for Buskerud, Strategisk næringsplan for Buskerud, Reiselivsplan for Buskerud og Regionalt utviklingsprogram for Buskerud. Alle disse planverka må Ål kommune forhalde seg til, men dei er ikkje direkte styrande for dei prioriteringar kommunen tek når det gjeld bruk av ressursar og val av strategiar for næringsutvikling i kommunen. Planverka er viktige for utviklinga av rammevilkåra for næringsutvikling i vår kommune og i resten av Hallingdal.

1.3. Arbeidsform

Hovudutvalet for næring og ressurs (HNR) sette ned ei styringsgruppe med 6 medlemmer.

Grappa har vore slik samansett:

Morten Bogstad	medlem av Kommunestyret
Torleif Dalseide	Leiar i HNR
Inger Karin Bøygard	medlem av Formannskapet og HNR
Ole Tom Nord	medlem i HNR
Odd Ragnar Øygard	Dagleg leiar i Ål Utvikling A.S.
Tore Dokken	Ål Utvikling A.S.

Morten Bogstad har vore leiar for arbeidet, medan næringssjef Hanne Wendt har vore sekretær. Styringsgruppa starta sitt arbeid 26. april 2000. Strategisk næringsplan, med

Handlingsprogram for perioden 01.04.01 - 31.12.02 vart godkjend av kommunestyret 20. april 2001.

Undervegs har styringsgruppa også bedt om innspel frå mange hald. Første tiltak var eit ope frukostmøte i Kulturhuset der alle kunne komme med innspel til tema i SNP. Etter dette vart det oppretta 8 arbeidsgrupper innafor følgjande tema: Forretningsdrivande Sundre, Frittstående, Industri/handverk/bygg, Media/grafisk, Offentleg, Reiseliv/turisme/oppleving, Rådgjeving/konsulentteneste og Ungdom. Liste over deltakarar i arbeidsgruppene ligg ved.

Arbeidsgruppene sende sine forslag til delmål og konkrete tiltak til styringsgruppa. Det vart utarbeidd eit høringsnotat som vart sendt ut på høring til alle arbeidsgruppene og alle tenkjelege interessegrupper. Høringsnotatet vart også presentert i eit ope frukostmøte i Ål kulturhus 14. februar 2001. Styringsgruppa mottok og handsama tilsaman 28 uttaler til høyringa. Til slutt vert planen handsama i HNR, Formannskapet og Kommunestyret.

1.4. Mandat

Styringsgruppa for SNP utarbeidde følgjande mandat for sitt arbeid:

“Det skal utarbeidast ein Strategisk Næringsplan (SNP) for Ål kommune. Med strategisk meiner vi at planen skal være kortfatta og konkret, med mål og tiltak. Planen skal omfatte alle næringer. Når det gjeld bruk av næringsfond og kommunen sin næringspolitikk skal planen være overordna “Tiltaksplan for landbruket i Ål” og “Oversiktsplan for skogbruket i Ål”.

Planen skal sjå alle næringer under eitt og peike ut satsingsområde. Planen skal omfatte kommunen sin næringspolitikk og vere grunnlag for prioriteringar ved bruken av kommunen sitt næringsfond.

Styringsgruppa skal også gjennomgå, og eventuelt revidere, vedtektene for Næringsfondet og retningslinjer for Arrangementsfondet.”

Når det gjeld gjennomgang av vedtektene for næringsfondet og retningslinjer for arrangementsfondet blir dette å finne i eigne dokument.

1.5. Måling av resultat/rullering

Nærings sjefen skal i februar møtet kvart år leggje fram ei melding for Hovudutvalet for næring og ressurs (HNR) som inneheld ei kort evaluering av korleis SNP blir fylgt.

HNR skal utarbeide nytt handlingsprogram for kvart år. Det skal gjerast ei prioritering av kva tiltak som skal setjast i verk neste år, og kor mykje midlar som skal løyvast til tiltaka. Dette skal gjerast i hovudutvalet sitt septembermøte kvar år. Økonomiske konsekvensar skal innarbeidast i økonomiplan og budsjett for det påfølgjande året.


Etter 4 år bør det gjerast ei større evaluering som syner i kva grad måla i SNP er nådd i løpet av perioden. Vidare bør Strategisk næringsplan rullerast, det vil seie at både tekstdel, visjon, hovudmål og satsingsområde skal vurderast på nytt.

2. STATUS FOR ÅL

2.1. Kort informasjon om Ål

2.1.1 Folketalsutvikling

Ål kommune hadde 4789 innbyggjarar pr. 01.01.2000. Følgjande diagram syner endring i folketalet dei siste 50 åra og ei framskriving dei neste 10 åra.



Tabellen under syner folketalet fordelt på aldersklassar i 2000:

	<i>0 - 12 år</i>	<i>13 - 19 år</i>	<i>20 - 66 år</i>	<i>67 - 79 år</i>	<i>over 80</i>
<i>år 2000</i>	856	430	2 651	553	305

Tabell 1: Folketal etter aldersklassar, pr. 01.01.2000

Med utgangspunkt i framskrivinga frå SSB vil innbyggjarane vere fordelt slik etter aldersklassar:

	<i>0 - 12 år</i>	<i>13 - 19 år</i>	<i>20 - 66 år</i>	<i>67 - 79 år</i>	<i>over 80</i>
<i>år 2010</i>	809	493	2 917	450	277
<i>år 2020</i>	859	448	3 152	618	229

Tabell 2: Folketal fordelt etter aldersklasser i år 2010 og 2020.

Dersom ein samanliknar Tabell 1 og 2 vil ein sjå at det blir nedgang i aldersgruppa 67 - 79 år i 2010, medan det i 2020 blir ei relativ høg vekst i den same aldersgruppa. Når det gjeld aldersgruppa 0 - 19 år vil denne endre seg i liten grad.

2.1.2. Areal


Ål kommune har eit samla areal på 1173 km². Omlag 2,5 % (30 km²) av dette arealet er jordbruksareal. Skogkledd areal utgjer omlag 30 % (360 km²) av totalarealet.

2.1.3. Arbeidsledige

I 1999 var det gjennomsnittleg 14 arbeidsledige i vår kommune. Dette talet endra seg lite også i 2000. Ål kommune har, på lik line med dei andre kommunane i Hallingdal, låg arbeidsledigheit i høve til resten av landet.

Pr. juni 2000 var det registret 0,4 % ledige i aldersgruppa 25 - 66 år i Ål kommune, landsgjennomsnittet var 2,5 %.

Sysselsatte etter næring



2.1.4. Sysselsetjing etter næring

Alle tal er henta frå SSB.

2.2. Sterke sider ved Ål

- ☒ Fram til no har Ål hatt rimeleg god kommuneøkonomi. Vi har greidd oss utan å ta opp større lån til investeringar og utan for store kutt i drift.
- ☒ Innbyggjarane i Ål kommune har gitt uttrykk for at det er godt å bu i kommunen. Det er relativt stabilt innbyggjartal, god barnehagedekning og godt barne- og ungdomsskuletilbod.
- ☒ Vi har eit allsidig næringsliv, med verksemdar som spenner frå eksporterande industri, verktøymakarar, styringsautomatikk, trebearbeiding/foredling, bygg- og anlegg til IKT/media/grafisk, kunnskapskrevjande produksjon og tenesteytande verksemdar. Det er mange små og mellomstore verksemdar, der dei største har omlag 50 - 60 tilsette. Kommunen har ingen store hjørnesteinsverksemdar.
- ☒ Ål kulturhus er rekna som eit regionalt kulturhus og er eit allsidig bygg med omlag alle fasilitetar til kulturaktivitetar. Kinotilbodet er godt og Riksteateret er innom Ål med alle sine oppsetjingar.
- ☒ Ål kommune er den største husdyrkommunen i Buskerud, noko som har ført til at kulturlandskapet vårt er halde godt i hevd.
- ☒ Vi har store utmarksressursar.
- ☒ Som i dei andre kommunane i Hallingdal, er det veldig låg arbeidsløyse.
- ☒ Kommunen ligg sentralt plassert i høve til kommunikasjon. Både Bergensbanen og RV 7 går gjennom bygda.
- ☒ Kommunen er eit senter for fagpersonell innafor helse sidan både Luftambulansbasen for indre Sør-Norge og Hallingdal Sjukestugu, som er Ringerike sjukehus sin forlenga arm, er lokalisert her. Sjukestugu har både psykiatrisk- og somatisk eining, begge med heildøgnsavdeling og poliklinisk tilbod.
- ☒ Det er mange aktive ungdomsorganisasjonar (speidar, 4H, kristelege ungdomslag og idrettslag).
- ☒ Ål kommune vart kåra til "Årets friluftskommune" i 1997.

2.3. Svake sider ved Ål

- ☒ Det er ikkje stor aktivitet innafor utviklinga i reiselivet, vi blir små samanlikna med våre naboar i aust og vest.
- ☒ Det blir lagt ned gardsbruk også i Ål og det har vore få store driftsutbyggingar dei siste åra. Det er færre som satsar som heiltidsbønder, dette fører til mindre avvikning i skogbruket og trugar kulturlandskapet slik det ser ut i dag.
- ☒ Sentralisering i samvirkeorganisasjonar og offentlege verksemdar har ført til nedlegging av fleire 10-talls arbeidsplassar.
- ☒ Kollektivtransporttilbodet er ikkje godt i kommunen. Vi har mange bygder med relativt dårleg offentlig kommunikasjon til/frå sentrum og det er heller ikkje god kommunikasjon inn/ut av kommunen. Ål stasjon ble ubetjent frå 01.01.2001.

2.4. Sentrale utfordringar fram mot 2010

- Å få ungdommar og nyetablerte familiar til å flytte til Ål!
- Å dekkje næringslivet sitt behov for arbeidskraft! Utviklinga innan alderssamansetninga syner at det dei neste åra kan bli relativt fleire innbyggjarar i arbeidsdyktig alder.
- Skape nye verksemdar, knoppskyting og vekst i dei næringar vi har representert i vår kommune!
- Finne mål for utvikling av reiselivet som gir ny giv og satsing!
- Oppretthalde vinteropne vegar over fjellet vestover!
- Innkorting av Rv 7 Sokna - Ørgenvika og Ramsrudhellinga (kortare reisetid m/bil mellom Oslo - Hallingdal)!
- Bygging av Ringeriksbanen (kortare reisetid m/tog mellom Oslo - Hallingdal)!
- Bedre rammevilkår for distrikta (arbeidsgivaravgift, vilkår innafor landbrukspolitikken, anna avgiftspolitikkk)!

3. RESSURSAR FOR NÆRINGSUTVIKLING I ÅL

Ål kommune har pr. d.d. eigen næringssjef som blir løna av inntektene frå konsesjonsavgiftene til Ål kommune. Næringssjefen er i heil stilling og leiar kontoret næring/landbruksavdelinga i tillegg til å arbeide med sakshandsaming, næringsutvikling osv. I tillegg har kommunen full stilling innafor jordbruk (jordbrukssjef), skogbruk (skogbrukssjef) og miljø- og kommuneplanlegging (fyrstekonsulent). Disse er alle meir eller mindre engasjert i saker innafor næringsutvikling. Fleire av dei tilsette på teknisk etat arbeidar i grenseland mellom rein forvaltning og næringsutvikling. Ordførar og rådmann har mange oppgåver innafor næringsutvikling.

Ål kommune har eit Hovudutval for næring og ressurs (HNR) med 7 medlemmer.

3.1. Næringsfond i Ål kommune

Ved kraftutbygging blir regulanten pålagt å betale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunane som vert berørt. Konsesjonsavgiftene skal setjast på eit næringsfond som forvaltest av kommunestyret og HNR.

I Ål kommune har det vore kraftutbyggingar med fleire inngrep, mellom anna overføring av vatn til andre vassdrag, neddemningar, bygging av kraftverk osv. Ål kommune mottek konsesjonsavgiftar frå 5 reguleringar i vår kommune. Disse er: Hol-Votna frå 1948, Heimsil frå 1957, Uste-Nes frå 1962, Votna/Lya frå 1968 og Rødungen frå 1970.

Inntektene frå konsesjonsavgiftene, som har vore i overkant av 5 mill kr pr. år dei siste 8 åra, har ført til at Ål kommune har prioritert å gje årlege tilskot til Fjell og Fjord Ferie, Ål Utvikling A.S., løypekøyning, Turistinformasjon, Kleivi Næringspark, Kulturhuset og driftstilskot til gards- og grendevogar og private fjellvegar. Kommunen har også sett av midlar til tilrettelegging for bustadutbygging og andre større investeringar som kan koplast mot næringsutvikling, og som ovanfor nemnt løna til næringssjefen.

Kommunen har vidare prioritert å sette av i overkant av 2 mill kr til eit næringsfond dei siste 7 åra. Etablerarar, næringsdrivande innafor dei fleste næringar, organisasjonar og andre har søkt om, og motteke, tilskot til etablering, investeringar og tilretteleggingstiltak. Det har vore sett av kr 128.000 til jordbruksfond og kr 15.000 til fiskefond i omlag like mange år. Næringsfond, jordbruksfond og fiskefond har som hovudregel blitt tømte kvart år. I 2001 vart avsetjing til næringsfondet redusert til kr 1.660.000.

Ål kommune mottok pr. d.d. omlag 5.3 mill kr årleg i konsesjonsavgifter, men denne summen vil, grunna nye retningslinjer for utrekning av konsesjonsavgifter, bli redusert til omlag 4,9 mill kr i næraste framtid. Kommunen vil også bli skyldig omlag kr 600.000 pr. år for fleire år bakover i tid. Fondskapitalen vil bli redusert betrakteleg ved tilbakebetaling, og kommunen vil få mindre handlefridom, både når det gjeld årlege tilskot/overføringer og midlar sett av til næringsfond. Storleik på tilbakebetalingskravet er endå ikkje heilt avklara. Ål kommune vil måtte prioritere strengare innafør kva for tiltak som bør få kommunal stønad. Vedtektene som gjeld for bruken av dei årlege konsesjonsavgiftene (både fondskapitalen og næringsfond) er frå 1995. Disse skal reviderast no i samband med Strategisk næringsplan.

SNP legg sterke føringer for korleis næringsfondet bør brukast framover. Næringsfondet skal i stor grad nyttast til tiltak som kan syne til ny aktivitet, nye arbeidsplassar og tilrettelegging for næringsutvikling.

I hovudsak skal prinsippa under følgjast når det gjeld næringsfondet:

- Oppfølging av Strategisk næringsplan (gjennomføring av tiltak) skal ha første prioritet.
- Delar av næringsfondet skal kanalisert til fellesprosjekt/tiltak som kan komme næringslivet generelt til gode.
- Det skal ikkje gis etablerartilskot - det skal istaden brukast midlar til etablerarrådgeving.
- Det skal settast av midlar til "Sikkerhetsnett for nyetablerarar" kvart år.¹
- Det skal setjast av kr 10.000 til kommunal etablerarpris kvart år.

Eigne retningslinjer for næringsfondet skal utarbeidast og vil innehalde søknadsfristar, vilkår for å få tilskot, vilkår for utbetaling osv.

3.2. Tilgjengeleg næringsareal/ressursar

Kleivi

Kleivi Næringspark er ei felles utbyggingsområde for næringslivet i Ål og Hol kommunar. Området vart etablert i 1970 og var på 230 dekar. Styret består av 2 representantar frå kvar kommune. Styret står for opparbeiding av vegar vassforsyning og avløp og styrer elles etter vedtekter vedtekte av kommunestyra i Ål og Hol. Kommunane overdrog 139 dekar av sitt areal til Senter for industriell vekst og anlegg (SIVA) i 1970.

Pr. november 2000 er det ledige lokalar i den eine *bygningen* SIVA eig på området - dette er klart til utleige.

Hallingdal Renovasjon produserar årleg ca 28 Gwh som kan nyttast til *fernvarme*. Pris pr. november 2000 er kr 0,15 pr. kWh til oppvarming medan pris for prosessvarme kan drøftast nærare i kvart tilfelle. Det er ca 25 GWh fjernvarme som ikkje vert nytta idag. Det er gode moglegheiter til å etablere verksemder i Kleivi som kan utnytte fjernvarmen.

Kleivi Næringspark har omlag 30 dekar areal klart til utbygging. SIVA har omlag 80 dekar ledig areal.

Sundre

¹ HNR vedtok i 1999 å setje av kr 80.000 kvart år. Formålet var at nyetablerarar (sjølvstendig næringsdrivande) kunne få inntil kr 10.000 i tilskot til å ta opp tilleggsforsikring i høve til sjukdom og svangerskap første etableringsår. Styringsgruppa for SNP meiner denne ordninga ikkje fungerer i praksis og meiner dette bør avviklast f.o.m. 2001.

- Kommunen har omlag 13-14 dekar regulert til næringsareal v/kommunen sitt sandlager.
- Vidare er det omlag 5 dekar i samme området som er privateigd.
- Ved Ulshagamyra er det ledig omlag 9-10 dekar regulert til næringsareal, dette er i privat eige.

Regulerte, men ikkje byggjeklare tomter:

- Oppsjøtippen, omlag 12-13 dekar (manglar vatn/kloakk, er privateigd og pr. d.d. utleigd til Oslo Energi)
- Bak lokstallen: omlag 4-5 dekar som kommunen eig.

Torpo

- Lya industriområde har omlag 36 dekar ledig areal (Torpo Næringspark), kommunen har ikkje løyst inn grunnen.
- Bakken II har omlag 4 dekar ledig næringsareal, dette ligg tett inntil bustader og eignar seg ikkje til tung industri.

3.3. Ål Utvikling A.S.

Næringslivet i Ål og Ål kommune gjekk i 1998 saman om å stifte selskapet Ål Utvikling A.S.

Målet med selskapet er å støtte småverksemdene og utvikle, tilretteleggje og marknadsføre tilbod som Ål-samfunnet har. Dette fordi auka kjennskap om våre tilbod vil føre til auka omsetnad, som igjen gir betre lønsemd for næringslivet og ein betre kommune å bu i.

Vidare skal selskapet ivareta aksjonærane sine interesser overfor styresmakter og resten av næringslivet. Selskapet skal arbeide for å få best mogeleg pris for tenestene til aksjonærane og ta vare på faglege interesser hjå aksjonærane.

Selskapet skal ha eit langsiktig perspektiv med dei oppgåvene dei arbeider med innafor målet til selskapet. Aksjane er fordelt på Ål kommune (12,4%) og eit breidt utval frå næringslivet, lag/organisasjonar og privatpersonar. Det er ei brei politisk semje om å støtte opp om Ål Utvikling A.S., forutsatt at næringslivet også støttar opp om selskapet og deira aktivitetar.

SNP har i sin handlingsplan ei rekke oppgåver der Ål Utvikling A.S. spelar ei aktiv rolle.

For det framtidige arbeid er det viktig at næringsavdelinga i kommunen og Ål Utvikling A.S. gjennomgår ei rolleavklaring og legg retningslinjer/rutiner for handsaming av saker som naturleg høyrer inn under begge sitt arbeidsfelt.

4. ÅL KOMMUNE - LA-21 KOMMUNE

Ål kommunestyre har vedteke at Ål blir med som ein av 7 foregangskommunar innan Lokal Agenda 21. Lokal Agenda 21 er kort fortalt ein lokal dugnad for berekraftig utvikling i det 21 århundre. Ål kommune har forplikta seg til å vise at det går an for norske lokalsamfunn å møte dei store utfordringene som Agenda 21 stiller opp. Det vil mellom anna si:

- å få til ei brei, demokratisk drøfting om lokalsamfunnet si framtid, der både kommunen, næringslivet, frivillige organisasjonar og innbyggjarane deltek
- å setja seg klare og ambisiøse mål for reduksjon av ressursforbruket – og følgje dei opp.
- å gi det globale engasjementet eit konkret innhald – til dømes ved å samarbeide om LA 21 med lokalsamfunn i Afrika, Sør-Amerika og delar av Asia.

Ål kommunestyre utfordrar eigen organisasjon og næringslivet til å feie for eige dør dvs. gjera ei miljøvurdering av eigne drifts- og innkjøpsrutiner. Næringsverksemdar som søker om støtte frå Ål kommune vil bli oppfordra til å gjennomføre minst eitt LA21-tiltak innanfor eit av følgjande område:

- ENØK/overgang til fornybar energi
- Avfallsreduksjon og attvinning
- Miljørette innkjøp/reinhald
- Bevisst bruk av lokalprodusert, ev. økologisk, mat
- Transport
- Informasjon og opplæring av eigne tilsette om miljøtiltak på arbeidsplassen
- Informasjon om tilhøva i Ål si vennskapskommune Sololá (for synleggjering av kløfta mellom fattig og rik)

5. VISJON OG HOVUDMÅL

5.1. Visjon:

Skape attraktive og konkurransedyktige vilkår for eit miljøtilpassa næringsliv.

Visjonen er ambisiøs og krev eit godt samarbeid og arbeidsdeling mellom det offentlege og næringslivet. Det offentlege si oppgåve er å leggje til rette for næringsutvikling, medan næringslivet si oppgåve vert å nytte seg av moglegheitene til vidare utvikling, betre kompetansen og auke sysselsetjinga.

5.2. Hovudmål:

Ål kommune skal vere ein næringsvennleg kommune som legg forholda til rette for næringsutvikling og etablering av nye arbeidsplassar. Ål skal også i framtida ha eit variert næringsliv.

Handlingsprogrammet er kommunen sitt verktøy og må følgjast for å nå hovudmålet.

Kommunen har dei siste åra opplevd nedleggingar av større arbeidsplassar. For å møte utfordringane framover er det ein føresetnad at vi opprettheldt eit sterkt næringsliv og arbeidar for ein tilvekst av levedyktige etableringar som gir grunnlag for auke i sysselsetjinga. Ål kommune og vårt kulturlandskap er forma av landbruket, og denne næringa har vore eit viktig grunnlag for utviklinga i vår kommune. Kulturlandskapet er forma gjennom hundrevis av år og vil også framover vere avgjerande for vidare utvikling.

For å nå hovudmålet må Ål kommune kvalitetsikre sine tenester for at all sakshandsaming skal gå raskt og smidig. Vidare må kommunen ha god kommunikasjon med næringslivet og gi god fagleg oppfølging til etablerarar. Kommunen sitt arbeid med næringsutvikling må definerast og arbeidsoppgåvene fordelast mellom kommunen og andre aktørar.

6. SATSINGSOMRÅDER og TILTAK

Alle tiltak under dei forskjellige satsingsområda er sett opp i tilfeldig rekkjefølgje.

A IKT/media/grafisk

Det er relativt mange fleire arbeidsplassar innafor denne næringa (IKT, media/grafisk, ny datateknologi, web-design osv) i Ål, i høve til resten av Hallingdal. Hallingdølen, Hallingdal sin eiga avis, er lokalisert i Ål og er ein drivande motor innafor miljøet. Dette har mellom anna ført til at mange verksemdar har etablert seg her og det er eit godt fagleg miljø innafor næringa. Det er stor vilje og pågangsmot innafor næringa for vidareutvikling og gode moglegheiter til samarbeid.

MÅL

Ål kommune skal knytast til breibandssamband og bli ei kommune som ligg langt framme når det gjeld kunnskap og kompetansmiljø innafor temaet IKT/media/grafisk.

A.1. Forprosjekt - satsing IKT/media/grafisk

Ein prosjektstilling som tek fatt i tema innafor IKT/media/grafisk og i samarbeid med fagmiljøet utarbeidar ein plan for korleis Ål skal utvikle seg vidare innan bransjen. Både planlegging av korleis kople seg på, utvikle og nytte den elektroniske motorvegen, og forprosjekt for planlegging av eventuelt vidare satsing innan IKT/media/grafisk i Ål. Plassering av prosjektleiar bør vere sentralt i ein av IKT/media/grafisk verksemdene i Ål.

Initiativ: fagmiljøet IKT/media/grafisk i Ål

Totalkostnad: omlag kr 200.000

Finansiering: fordeling mellom Ål kommune og næringslivet

Tidsperspektiv: oppstart 2001

A.2. Studietilbod for media og kommunikasjon

Ål kommune har eit breitt fagmiljø innan IKT/media/grafisk og kommunikasjon. Her burde vere moglegheiter til at det blir oppretta eit høgskuletilbod i media- og kommunikasjon. Dette for å leggje tilhøva endå betre til rette for ei vidare utvikling av det lokale næringslivet knytt opp til denne bransjen. Eit høgskulestudium vil kanskje på sikt føre til at grunnkurs og vk-1 innafør temaet blir etablert/flytt til Ål vidaregåande skole.

Initiativ: næringa (IKT/media/grafisk) og Ål kommune

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: ikkje vurdert

Tidsperspektiv: Studietilbodet skal ha oppstart hausten 2002.

B Helse og velvære

Ringerike Sjukehus har eiga avdeling, Hallingdal Sjukestugu, lokalisert til Ål. Sjukestugu har både somatisk-, poliklinisk- og psykiatrisk avdeling. Vidare har Norsk Luftambulanseneste base i Ål, i tilknytning til Sjukestugu. Legekontor og sjukeheim er også lokalisert i samme området. Dette fører til at Ål har eit fagleg miljø innafør helse som er eit godt utgangspunkt for nye offentlege, halvoffentlege eller private etableringar.

MÅL

Ål skal framstå som eit attraktivt regionalt senter for offentlege og private helse- og velværetjenester.

B.1. Treningscenter/trimsenter/velværesenter

Ål kommune manglar eit treningscenter/trimsenter for innbyggjarane. I eit regionalt senter for helsetjenester bør dette også vere eit tilbod i Ål. Dette kan sjåast i samanheng med eit velværesenter med eit breitt tilbod innafør helse som retter seg mot velvære/pleie.

Initiativ: private

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: privat (kommunen ved tilrettelegging)

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

B.2. Heimetjenester/omsorgstenester

Private tilbod innan pleie- og omsorgstenester er under utvikling ei rekkje stader i landet. Nokon driv sjukeheimar, medan andre satsar på heimetjenester. Eit privat tilbod som kunne vere eit supplement til det offentlege er ikkje utenkjeleg i Ål, også med tenester retta mot andre Hallingdalskommunar. Dette kan vurderast i eit forprosjekt for Hallingdal.

Initiativ: private

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: private

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

B.3. Internett - helse i Hallingdal

Som regionsenter bør det også liggje til rette for at ei verksemd innan data/IT kunne spesialisere seg på helseinformasjon, i fyrste rekkje med Hallingdal som målområde, men gjerne nisjetenester utover Hallingdalsområdet.

Initiativ: private

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: private

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

C Kultur- og opplevelsesbasert reiseliv

Reiselivsnæringa i Ål er prega av små og mellomstore verksemder. Ål har eige alpinanlegg, kjelkebakke, ca 350 km med merka skiløyper, ca 1200 kommersielle senger, ca 1900 hytter, aktiv stølsdrift og andre gardsaktivitetar, fiske, naturstiger, skogpark, katreløyper m.m.

Kultur, tradisjon, kulturlandskap, natur og eit nært samarbeid med landbruket må liggje til grunn for ei spennande utvikling innafor reiselivet og hytteturismen i Ål.

Reiselivsnæringa i Ål er heilt avhengig av at retninga for utviklinga blir staka ut, og at kommune, reiselivsnæring og landbruk dreg i samme retning.

MÅL

- Målet for vidare utvikling innafor reiseliv i Ål skal fastsetjast!
- Det skal utviklast eit betre tilbod av aktivitetar og opplevingar for tilreisande til kommunen - som skal føre til eit meir aktivt reiseliv og fleire arbeidsplassar i reiselivsnæringa og andre tilgrensande næringar!
- Det skal arbeidast for ei auka kvalitetssikring, slik at reiselivet står betre rusta til å møte morgondagens marknad.

C.1. I kva retning kan reiselivet i Ål utvikle seg?

Det skal setjast i gang ein prosess, m/ekstern kompetanse, der representantar frå reiselivet, opplevelsesaktivitetar og landbruket i Ål kommune deltek, i tillegg politikarar og administrasjon frå kommunen. Målet er at ein blir einige om "Kva retning reiselivet i Ål kan utvikle seg" og "Kva for strategi bør brukast for å nå målet". Landbruket og reiselivet har mange felles/kryssande interesser, mellom anna i arealdisponeringar. Dette må det takast omsyn til i arbeidet. Utviklinga på Øvre-Ålsåsen er interessant i denne samanhengen.

Initiativ: Ål Utvikling A.S./Ål kommune

Totalkostnad: omlag kr 200.000

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: Prioritert tiltak, oppstart så snart SNP er politisk handsama

C.2. Ål Folkepark

Ål Folkepark skal vera eit utstillings- og aktivitetsområde for turistar og fastbuande i Ål kommune, basert på aktivitetar knytt til landbruk, kultur og lokale tradisjonar.

Gjennom aktivitetane på området skal Ål folkepark profilere Ål og nærområdet, samt bygge opp eit nettverk med andre aktivitetstilbod i kommunen slik at Ål blir meir attraktiv som reisemål. Ål Folkepark er eit av 5 prioriterte prosjekt med regional status i Strategisk plan for Hallingdal.

Initiativ: Ål utstillinga/Ål Folkepark

Totalkostnad: ikkje vurdert
Finansiering: ikkje vurdert
Tidsperspektiv: prosjekt pågår

C.3. Buskerud Natur & Miljøsender

Forprosjekt for å stimulere til utvikling av eit heilårs attraksjons/besøksmål "Buskerud Natur & Miljøsender" i nær tilknytning til Lågrinn Zoo prep. og Hallingdal Natur og Miljøsender i Vats. I prosjektet skal det også sterkt vektleggast ein oppbygging av systematiske samlingar av biologisk materiale frå Buskerud, med tilhøyrande utvikling av fagkompetanse innanfor natur/miljøkunnskap.

Initiativ: Lågrinn Zoo prep. og Buskerud Natur & Miljøsender,

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: fordeling mellom Lågrinn Zoo prep. og Hallingdal Natur og Miljøsender, Ål kommune m/fleire, Buskerud fylkeskommune, eventuelt statlege midlar

Tidsperspektiv: 1,5 - 2 år

C.4. Kvalitetssikring av reiselivsverksemder

Utvikle eit kvalitetssikringstilbod til reiselivsverksemder som ønskjer ein gjennomgang av deira tilbod og drift. Skal føre til reiselivsverksemder med eit forbetra tilbod til reisande og betre økonomi. Kommunen ønskjer å leggje eit positivt press på reiselivsverksemdene for at dei skal sikre at kvalitet på deira produkt blir best mogleg.

Initiativ: Ål Utvikling A.S.

Totalkostnad: omlag kr 300.000

Finansiering: fordeling mellom næringslivet/SND/Ål kommune

Tidsperspektiv: oppstart så snart SNP er politisk handsama

C.5. Aktiv miljøprofil

Prosjekt m/prosjektleiar der hovudmålet er å inspirere til at flest mogleg av Ål sine reiselivsverksemder utarbeider miljøprofil internt i sine verksemder. Målet er at alle reiselivsverksemdene i Ål kan kalle seg "Aktiv miljøprofil"-verksemder, og at deltaking gir betre økonomi i kvar reiselivsverksemd.

Initiativ: Ål kommune/Regionrådet for Hallingdal

Totalkostnad: omlag kr 300.000

Finansiering: fordeling mellom Ål kommune, andre Hallingdalskommunar,

Buskerud fylkeskommune

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

D Kultur

Bygda Ål har i generasjonar hatt eit medvete forhold til kultur - difor er dette også viktig for kommunen Ål. Ål kulturhus ligg midt i Ål sentrum og er eit regionalt kulturhus med fasilitetar for eitkvart arrangement. Riksteatret vitjar kulturhuset med alle sine framsyningar og fleire artistar er innoft kulturhuset på sine turnear. Det er eit breitt tilbod av arrangement som skapar eit miljø og grobotn for vidare utvikling i krysninga mellom kultur, media, grafisk, lyd osb. Kulturhuset kan sjåast på som ei “næringshage” innafor desse næringane og det er gode moglegheiter til vidare utvikling og nye etableringar.

MÅL

- Miljøet i og rundt Ål kulturhus skal være ein katalysator for utvikling av kulturbaserte næringar.
- Kulturkommunen Ål skal arbeide for etablering av eit nasjonalt senter for tradisjonskunst.

D.1. Ål kulturhus - Ål sin “næringshage”

Kultur og næring, kva rolle kan Ål kulturhus spele i ein strategi der ei koplar kultur og næring? Ulike yrkesgrupper i grensesnittet mellom kultur og medieprodukt. Lokalisering av nasjonale prosjektstillingar innafor teamet? Dette krev ei utbygging av kulturhuset som pr. idag ikkje er realistisk. Eit samarbeid med Senter for industriell vekst og anlegg (SIVA), og/eller ei eventuelle lokalisering av Norsk Teiknspråketeater i kulturhuset, kan føre til ekstern medfinansiering som gjer ei utbygging mogleg.

Initiativ: Ål kommune/Kulturtorget.no/næringslivet

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: ikkje vurdert

Tidsperspektiv: oppstart snarast

D.2. Forprosjekt for “Nasjonalt senter for tradisjonskunst”

Det bør setjast i gang eit forprosjekt for å leggje grunnlag for å etablere eit nasjonalt senter for rosemåling/bygdamåling og bunadstradisjon. Fagsenteret kan 1) knyte til seg den nasjonale fagkompetansen innan området og 2) vere ein lærestad der t.d. kunststudentar kan få innføring i norsk bygdemåling, og/eller bunadstradisjon gjennom seminar og kursveker (Jfr. Ole Bull-akademiet på Voss). 3) presentasjon av bygdemåling og bunadsvariantar, tilrettelagt som reiseoppleving, 4) kurs og verkstad for nye utøvarar. Ål kulturhus bør vere kjernen i eit slikt prosjekt.

Initiativ: Ål kulturhus, eller ei fri interessegruppe

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: Ål kommune, sponsorar, statlege midlar

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

E Landbruk

Ål er den største husdyrkommunen i Buskerud og med 250 bruk i aktiv drift er Ål også den klart største landbrukskommunen i Hallingdal. Det er om lag 30.000 dekar jordbruksareal i drift, og 200.000 dekar produktiv skog og store fjell- og utmarksressursar. Den samla verdien av produkta (førstehandsverdi) og produksjonstilskott er berekna til i overkant av 80 millionar kroner. Landbruket er også viktig for kultur, tradisjon og kulturlandskap, gjennom dette er landbruket særleg viktig for turistnæringa.

“Tiltaksplan for landbruket i Ål” er vedteke og seier at ved bruk av midlar frå næringsfondet/jordbruksfondet til investeringar i landbruket vil Ål kommune prioritere:

- Investeringar i nye produksjonar
- Vidareforedling av varer og produkt slik at desse kan seljast direkte
- Samdrift og fellestiltak

Ved tilskot til tiltak innan tradisjonelt landbruk skal ein prioritere dei som har hovudnæringa si frå landbruket. Det skal leggjast vekt på sysselsetjingseffekten av tiltaket.

Tiltaket skal gje rimeleg lønsemd eller gje miljøgevinst.

MÅL

- Følgje opp “Tiltaksplan for landbruket” og “Oversiktsplan for skogbruket”.
- Meir lokal vidareutvikling av produkt og tenester frå landbruket.
- Leggje forholda til rette for eit best mogleg næringsmessig og fleirbrukstilpassa bruk av skogareala.

E.1. Lokal vidareforedling av mat

Prosjekt med føremål å knyte kontakt mellom produsentar og reiselivsverksemder og inspirere til utvikling av nye lokale produkt. Auka bruk av lokal produsert tradisjonskost og nye produkt basert på lokal produksjon vil kunne gi lokale små produsentar auka avsetnad. Følgje opp prosjekt etablert i regi av Hallingdal forsøksring.

Initiativ: Hallingdal Forsøksring/Ål kommune

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: Hallingdalskommunane, SND

Tidsperspektiv: 2001 - 2003

E.2. “Grøn omsorg”

Grøn omsorg er eit begrep om ei tilleggsnæring innafor landbruket der barn, ungdom, funksjonshemma og personar med psykiske plagar får tilbod om opplæring, avlasting, arbeidstrening, opplevingar og eventuelt bustad. Det bør etablerast eit regionalt prosjekt i Hallingdal der ein innafor landbruket utarbeider modellar for nye måtar denne næringa kan tilby tenester overfor det offentlege støtteapparatet innafor skule, helse og omsorg.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: Hallingdalskommunane, SND, Fylkesmannen

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

E.3. Vidareforedling av trevirke

Vidare arbeid med prosjektet trebearbeidande industri. Eksisterande trebaserte verksemder må ha gode rammevilkår for å utvikle seg. Nettverkssamarbeid er viktig, utvikling av nye bruksområder for "ukurant" virke osv. Aktuelt å sjå dette prosjektet i samanheng med Hallingskogprosjektet.

Initiativ: Ål kommune/Viken Skogeierforening

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: Hallingdalskommunane, SND

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

E.4. Aktivitetsprosjekt i Ål

Ein prosjektleiar skal drive oppsøkjande verksemd direkte mot skogeigar med primæroppgåve å veilede for å auke kunnskapsnivået til skogeiger. Arealtilskot til 1. gongs tynning for å stimulere til auka tynningsaktivitet. Kartleggje "flaskehalsar" på skogsbilvegnett og sekundærvegnettet i Ål, og på fylkesvegnettet.

Initiativ: Ål kommune, Viken Skogeigarforening

Totalkostnad: pr. år: 50.000 for prosjektleiar, 50.000 for tynning, 3 år=300.000

Finansiering: fordeling mellom Ål kommune, Viken skogeierforening

Tidsperspektiv: 2001 – 2003.

F Sentrumsutvikling

Service til innbyggjarane er viktig i høve til busetjing og trivsel i kommunen. Ål sentrum har potensiale til å bli eit enda betre servicesenter, og det er viktig å satse på tiltak som kan hindre handelslekkasje. Trafikken gjennom kommunen følger RV 7 som ligg utafor sentrum. Derfor er det ikkje naturleg for dei vegfarande å stoppe og handle i Ål sentrum.

MÅL

Ål sentrum skal bli eit attraktivt og triveleg handelssenter.

F.1. Fange oppmerksomheit frå dei vegfarande

Det har tidlegare vore planar om eit vasshjul plassert i Hallingdalselva. Disse planane bør takast opp igjen og utviklast vidare. Det er alt for mange som oppdagar avkjøringa til Sundre for seint og berre køyrer forbi, det bør også arbeidast for å få lys i avkjøringa på lik line med avkjøringar frå RV 7 til andre kommunar i Hallingdal. Utsmykking av bruene (brukara og sidene av bruene) vil også gjere eit betre inntrykk når ein nærmar seg Ål.

Initiativ: Ål kommune/Ål Utvikling A.S.

Totalkostnad: ikkje vurdert (1-200.000?)

Finansiering: fordeling mellom Ål kommune og næringslivet

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

F.2. Informasjon/skilting

Det er behov for betre skilting på RV 7 både når du kjem vestfrå og austfrå. Ål kommune bør støtte opp om ei vidareføring av prosjektet "Miljø- og informasjonstiltak langs hovudvegane i Hallingdal" i regi av Regionrådet for

Hallingdal. Det bør setjast opp skikkeleg informasjon i god til før avkøyinga til Sundre sentrum, felles med rasteplass? Vidare bør gjeldande skiltplan for Ål sentrum reviderast.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: 80.000 for informasjonstiltak, 50.000 for skiltplan

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: Innan utgangen av 2001

F.3. Sundrevegen frå Spar Matsenter forbi Kolsrudsenteret

Fullføring av gatebruksplan frå 1989.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: 1,3 mill

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: Avhengig av økonomiplan/eit langtidsprosjekt

F.4. Utvikling av torgplass og torghandel i Ål

Planlegging av torgplass/torghandel i Ål. Folk saknar liv og røre i samband med eit torg i Ål sentrum. Nokre leikeapparat og grønne innslag/benkar osb. Eit forprosjekt m/landskapsarkitekt?

Initiativ: Ål kommune/forretningsdrivande i sentrum

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: Avhengig av reguleringsplan Sundre

F.5. Gågate i Myren

Reguleringsplan Sundre, med forslag til gågate langs oversida på Ålingen, skal snart vedtakast i kommunen. Der er viktig for både næringsutvikling, busetjing og trivsel at Sundre får ei gågate. Dette vil og sannsynlegvis hindre handelslekkasje.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: 3,5 mill

Finansiering: Ål kommune, fylkeskommune?

Tidsperspektiv: under arbeid - det bør bli gågate frå summaren 2001

F.6. Grøntareal/leikeplass på Sundre

Ønskje om grøntareal/leikeplass der forholda blir lagt til rette for eit attraktiv og hyggeleg grøntareal m/leikeapparat for born. Planane er ferdig tekna for ei slik park: Kulturhusparken, mellom kulturhuset og Statoil/gartneriet.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: kr 500.000

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: Avhengig av økonomiplanarbeidet

G Næringsvenleg kommune

Organisasjonen Ål kommune har mange oppgåver og skal levere mange tenester til innbyggjarane og næringslivet i Ål. Skal det vere attraktivt å etablere seg akkurat i vår kommune er det viktig at kommunen blir oppfatta som ein god tilretteleggjar og at vi leverer eit kvalitetsprodukt. Det samme gjeld tilbod til innbyggjarane i kommunen.

MÅL

- Ål kommune skal være ein service- og næringsvenleg kommune som tener innbyggjarar, næringsliv og besøkjande på ein positiv måte.
- Ål kommune skal ta aktivt del i utvikling og omstillingar innan statlege, fylkeskommunale og andre offentlege og “halvoffentlege” verksemder i Ål.

G.1. “Næringsvenleg kommune”

Kommunaldepartementet har utarbeidd eit opplegg som kommunane kan bruke for å undersøkje i kva grad kommunen gjer ein god eller dårleg jobb innafor dei forskjellige tilboda kommunen skal gje. Skal resultere i at kommunen blir ein “Næringsvenleg kommune” som er meir bevist i sin handsaming av saker og innbyggjarar/næringsliv, og at det blir utarbeidd av rutinar for kvar teneste.

Initiativ: Ål kommune/Regionrådet for Hallingdal

Totalkostnad: 200.000

Finansiering: fordeling mellom Ål kommune/Regionrådet for Hallingdal/Buskerud fylkeskommune

Tidsperspektiv: Oppstart innan hausten 2001

G.2. Oppdatert informasjon om kommunen på Internett

Internett har blitt allemannseige, og Ål kommune må heile tida ha ein Internettside som gir oppdatert informasjon til ei kvar tid (tilsette, protokollar frå møter i politiske utval - formannskap - kommunestyre, aktivitetstilbod, kulturtilbod osv).

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: ikkje vurdert (ikkje store)

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: våren 2001.

G.3. “Frukostmøter”

Etablere ein møtearena der næringssjef, teknisk sjef, miljøvernrådsgjevar, rådmann, ordførar, + politikanane i hovudutvalet for næring og ressurs deltek i møte med næringslivet. Møtet er også ope for leiarar innan dei offentlege og “halvoffentlege” institusjonane. Nokre av frukostmøta bør f.eks ha miljø og næringsliv, parkering i sentrum osv. som tema. Møtene kan haldast 2 gonger mellom august og desember og 2 gonger frå januar til mai. Korte innspel frå leiarar i forskjellige verksemder i Ål.

Det er ikkje naudsynt med tema kvar gong.

Initiativ: Ål Utvikling A.S./Ål kommune

Totalkostnad: 20.000 pr. år

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: våren 2001

G.4. Kommunal etablerarpris

Etablere ein årleg kommunal etablerarpris for beste, mest kreative, etablerar i Ål. Hovudutvalet for næring og ressurs skal utarbeide kriteria og vere jury for prisen. Det skal lysast ut ein gong pr. år. Prisen bør vere kr 10.000 og ein diplom.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: kr 20.000 ved oppstart, deretter 10.000 pr. år

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: oppstart 2001

G.5. Samhandling Ål kommune/Ål Utvikling A.S.

Sette i gong ei arbeidsgruppe frå Ål kommune og Ål Utvikling A.S. som ser på om ein har oppnådd det målet ein sette seg ved etablering av Ål Utvikling A.S.. Likeins vurdere samhandlinga mellom dei to instansane. Korleis nyttiggjere seg dei ressursane som er til disposisjon og den kompetansen som er lokalisert til Ål kommune og Ål Utvikling A.S.

Initiativ: Ål kommune

Totalkostnad: 20.000

Finansiering: Ål kommune

Tidsperspektiv: 2001

H Industri

Ål kommune har fleire utbyggingsområder for industri, der Kleivi Næringspark er det største med ca 230 dekar. Dette er eit felles utbyggingsområde for Hol og Ål kommune. Etablering av nye industriverksemder, og oppretthalding av dei eksisterande, er viktig for mangfaldet innafor næringslivet i vår kommune. Ressursane i Kleivi Næringspark burde vore betre nytta enn det dei er i dag.

MÅL

- Fjernvarmen frå Hallingdal Renovasjon skal nyttast betre!
- Ål kommune vil vere positive til, og bidra til nyetableringar.

H.1. Marknadsføring av Kleivi Næringspark

Det er behov for marknadsføring av dei ressursane som er tilgjengelege i Kleivi, dette gjeld areal, bygningar og ikkje minst fjernvarmen som kan nyttast. Det må tenkjast i nye baner når det gjeld nyetableringar og utnytting av fjernvarme.

Initiativ: Ål/Hol kommune og Kleivi Næringspark

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: ikkje vurdert

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

H.2. "Næringsvenleg kommune"

Viser til tiltak G.1. Kommunen bør bli ein samarbeidspartnar for næringslivet og arbeide for å leggje tilhøva til rette for at mellom anna våre industriverksemder kan utvikle seg vidare og nye kan etablere seg i vår kommune.

I Andre satsingar

Det er naudsynt å ha eit eige avsnitt for dei tiltak som ikkje kjem inn under dei andre satsingane.

MÅL

- Ål skal ha eit kompetansesenter der konsulentar og rådgjevarar kan ha fagleg, administrativt og sosialt fellesskap.**
- Få ungdom til å busette seg i vår kommune etter endt utdanning.**

I.1. Kompetansesenter i Ål - danning av eit selskap for vidare utvikling

Samarbeid om etablering av eit kompetansesenter, der målet er å skape eit breitt fagleg miljø, nyetableringar, utviklingsmoglegheiter og marknadsgrunnlag for spisskompetanse. Skal bli eit senter tilgjengeleg for alle næringar, all mogleg kompetanse, ikkje avgrensing av tema, breiast mogleg samansett.

Initiativ: Ål Utvikling A.S./næringslivet

Totalkostnad: ikkje vurdert

Finansiering: Ål kommune og næringslivet

Tidsperspektiv: ikkje vurdert

I.2. Yrkesmessa/Hallingtreffet

Det er naudsynt at ungdom og unge vaksne får eit innblikk og kontakt med det næringslivet og type yrker/arbeidsplassar som vert tilbydd i Hallingdal. Yrkesmessa for ungdomsskulen og vidaregåande skular, og Hallingtreffet for utflytta ungdom er møteplassar der kontakt kan etablerast. Dette bør Ål kommune støtte opp om og utarbeide godt materiale som ungdom kan ta med seg som informasjon om kommunen og dei tilbod vi har til arbeidssøkjande. "Å gi skuleungdom heimlengt i ryggmargen!"

Initiativ: Regionrådet for Hallingdal/DBC Næringshage/Ål kommune

Totalkostnad: 50.000 1. året, deretter omlag 20.000 pr. år (del av et stort budsjett)

Finansiering: Alle kommunane i Hallingdal/andre aktørar/Ål kommune

Tidsperspektiv: frå 2001

I.3. Skule og næringsliv

Det er viktig at ungdommen lærer å bli arbeidskaparar, ikkje berre arbeidstakarar. Etablere ein god kontakt med Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) for å opprette fleire kontaktar mellom skule og næringsliv i vår kommune. Elevbedrifter, samarbeid med næringslivet.

Initiativ: NHO/Ål kommune/Regionrådet

Totalkostnad: 30 - 50.000

Finansiering: næringslivet/Ål kommune

Tidsperspektiv: 2001